

A V T A L E

mellom

Oddvor og Ivar Nøttveit, MANGER

og

Radøy kommune, MANGER

vedkomande

GODT GJERDSLE FOR ANLEGGSSKADE M.M. VED FRAMFØRING AV VASSLEIDNINGSGRØFT OVER GNR. 48, BNR. 1 AV SOLEND I RADØY.

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

1. Radøy kommune skaffar 3 billass matjord levert i tunet på Solend.
Grunneigaren syter sjølv for uttransporttering, planering og tilsåing over grøftetraseen.
2. Som vederlag for ulempe etter punkt 1 og like eins vederlag for alle andre ulemper ved vassleidningsgrøfta, avlingstap m.m., betalar Radøy kommune til grunneigaren kr. 2.000,-, kronertotusen, i tillegg til erstatning som er bestemt av ekspropriasjonsskjønnet.
3. Denne avtala er i samsvar med bestemmelsane i skjønnsføresetnaden om spesielt vederlag for anleggsskade m.m., men er bindande først etter kommunestyret sin godkjenning.

MANGER, den 22/8 1974.

MANGER, den 26/8 1974.

Oddv. Nøttveit
Ivar Nøttveit

Grunneigar

Normann Rillaugen

Ordförar

Utskrift av møtebok

for RADØY KOMMUNESTYRE

i møte den 9. september 1974

Av medlemmer var til stades (møtande varamenn medrekna).

107/74. Utlempvederlag for vassleidningsrøft over gnr. 48, bnr. 1 av Solend

Det ligg føre framlegg til avtale mellom grunneigaren av gnr. 48, bnr. 1 av Solend i Radøy og kommunen v/ ordføraren om eit vederlag frå kommunen til grunneigaren på kr 2.000,- for utlemp ved framføring av den kommunale hovudvassleidningen.

FORMANNSKAPSTILRÅDING:

Formannskapet hadde samrøystes rådd kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Ovannevunde avtale som er dagsett 26. august og 27. august 1974, vert godkjent.

VEDTAK: Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapetstilrådinga.

Rett utskrift.

RADØY FORMANNSKAP, 11. oktober 1974


Aslaug Holland
e.t.

Går til: Ivar og Odvar Høttveit

Kopi til: Kommuneingeniøren og kommunekasseraren og *revisjonen*

RADØY KOMMUNE

Teknisk kontor

5120 MANGER

RADØY FORMANNSKAP

Inn: 443 / 1974 Arkiv: 541

Radøy formannskap,

5120 MANGER.

VEDERLAG FOR ANLEGGSSKADE PÅ SOLEND, GNR. 48, BNR. 1.


Anleggsarbeidet for vassleidningsgrøfta over Solend tok til midtvinters for snart 2 år sidan. Då anleggsarbeidet skulle utførast vart det svært mykje nedbør. Over dette bruket gjekk grøftetråsean over ei svært våt myr som for det meste flaut under vatn. Det vart heller ikkje frost den vinteren. Det vart såleis ikkje mogeleg å få anlegget utført som fastsett i skjønnsföresetnaden.

Först siste vår var terrenget så tørt at det var mogeleg å koma fram med maskiner og få oppryddinga unna. Grunneigaren hadde ein del ulemper og ekstra avlingstap. Etter skjønnsföresetnaden må dette erstattast, og ein har kome fram til ei avtale med grunneigaren om ei tilleggserstatning på kr 2.000,-.

Ein kan ikkje sjå at det er rett å lasta entreprenören for denne skaden, då han har utført arbeidet så godt som mogeleg når ein tar omsyn til vær og terrengetilhöve.

Ein torer be om at avtala vert godkjend.

MANGER, den 26.08.74.


E. Borgund
Kom.ing.

Oddvor og Ivar Nøttveit,
5120 MANGER.

GODTGJERDSLE FOR LEIDNINGSGRØFT ETTER EKSPROPRIASJONSSKJØNNET.

Ein viser til ~~betings~~ samtale av i går. Godtgjerdsle er utbetalt som følgjande:

Erstatning for området ved tunellinnslaget 3,476 m ² a kr. 1/50	kr. 5.214,-
Erstatning for vassleidningsgrøft inn- mark 201 m a kr. 4/-	" 804,-
Erstatning for dreisleidning	" 1.400,-
SUM	<u>kr. 7.418,-</u>

Som De ser av vedlagde kopi av skjønsprotokollen, så er De ikkje tilkjend erstatning for kommen endå kommen var plassert då overskjønnet hadde synfaring. Ein finn det likevel rimeleg at De får erstatning for halv kom, den del av kommen som er plassert på Dykk, etter same satsar som elles vart nytta. Erstatning for halv kom vart såleis kr. 40,-. Diverre er erstatninga for leidningsgrøfta over utmarksteigen utegløynd i oppstillinga. Grøftelengda her er 50 m. Erstatninga vart då kr. 75,-.

De har og rett på 6 % renter for erstatninga frå den tid arealene vart tatt i bruk til beløpet er utbetalt.

Vegarbeidet på Dykkar eigedom i Solendfjellet tok til sist på året 1972, og arbeidet med grøftetraseen tok til på nyåret 1973.

Utbetalinga fann stad i desember 1973.


Reknar ein renter for dette beløpet i eit år, så skulle det verta nokså rett. I tillegg kjem så renta for ikkje utbetalt beløp i 20 månader og rentesrente i 8 månader (rekna ut august månad).

Restutbetalinga for grunnavståinga skulle då bli følgjande:

Erstatning for $\frac{1}{2}$ kom	kr. 40,-	
" " grøft utmark	" 75,-	kr. 115,-
6 % renta av kr. 7.418 i 12 månader	" 445,08	
6 % rentesrente av kr. 445,08 i 8 mndr.	" 17,80	
6 % renta av kr. 115,- i 20 månader	" 11,50	
SUM	<u>kr. 589,38</u>	

Beløpet er attestert for utbetaling.

MANGER, den 15.08.74.


E. Borgund
Kom.ing.

Tilviset 20/8.74
W.P.